



GISKE KOMMUNE
Valderhaug 4
6050 VALDERØYA

Saksbehandlar, innvalstelefon
Thomas Aurdal, 71 25 84 67

Vedtak med løyve - tiltak i sjø - Giske 7/175 - peling for bygging av ny kai ved Gjørundneset

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev Giske kommune løyve etter forurensningslova til tiltak i sjø (utfylling og peling) i tilknytning til etablering av ny kai ved Gjørundneset, gnr. 7 bnr. 175. Løyve med vilkår fylgjer vedlagt.

Vi vedtek eit gebyr på kr 47 300 for sakshandsaminga.

Vi syner til søknad send inn 12.02.2026 om løyve etter forurensningslova til tiltak i sjø i Giske kommune, og til revidert søknad send inn 26.03.2026.

Vedtak

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev med dette Giske kommune løyve til tiltak i sjø ved gnr. 7 bnr. 175 ved Gjørundneset i Giske kommune. Løyvet er gjeve med heimel i *Lov av 13.03.1981 om vern mot forurensning og om avfall* (forurensningslova) § 11. Det er sett vilkår for løyvet, jf. § 16. Statsforvaltaren har ved avgjerda og ved fastsetting av vilkår lagt vekt på dei forureiningsmessige ulemperne ved tiltaket samanheld med dei fordelar og ulemper tiltaket elles vil medføre.

Det kan gjerast endringar i løyvet i medhald av forurensningslova § 18. Endringane skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og forsvarleg utgreiing av saka. Ei eventuell søknad om endring må difor føreligge i god tid før endringa ynskjust gjennomført.

At det er gjeve løyve fritenk ikkje frå erstatningsansvar for skade og ulempe eller tap forårsaka av forureining, jf. forureiningslova § 56. Brot på løyvet er straffbart etter forurensningslova §§ 78 og 79.

Bakgrunn

Giske kommune sende 12.02.2026 inn søknad om løyve etter forureiningsregelverket til tiltak i sjø ved Gjørundneset, gnr. 7 bnr. 175. Tiltaka det vart søkt om omfatta peling på sjøbotnen for etablering av ny kai med planlagd ferdigareal på 3 700 m². I tillegg vart det omfatta naudsynt flytting av eksisterande plastringsstein for å få på plass pålane.



26.03.2026 sende kommunen inn revidert søknad. Endringa gjekk ut på at det skulle fyllast ut med om lag 15 000 m³ massar i ei breidde på om lag 5 m langs land i kailengda.

Høyring og innspel

Opphavleg søknad var på høyring til 16. mars 2026. Den vart kunngjort i Sunnmørsposten og på Statsforvaltaren i Møre og Romsdal si nettside. I tillegg vart kopi av søknaden send ulike høyringspartar med oppmoding om uttale. Dei fylgjande uttalene vart send inn:

Høyring av opphavleg søknad

Kystverket (13.03.2026)

Kystverket skriv at dei ikkje har merknadar til tiltaket etter forurensningsloven. Dei skriv vidare at tiltaket kan vere søknadspliktig etter hamne- og farvasslova § 14 då tiltaket kan påverke tryggleiken og framkjømda i farvatnet.

Då tiltaket ligg i kommunalt sjøområde skal ein eventuell søknad etter hamne- og farvasslova handsamast av gjeldande kommune/hamnevesen, jf. § 14 andre ledd.

Bergens Sjøfartsmuseum (16.03.2026)

Bergens Sjøfartsmuseum har vurdert saken. De kjenner ikkje til kulturminne ved Gjørundneset som kan verte direkte råka av tiltaket. Dei har difor ingen merknadar til det planlagde arealinngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i området, og dei gjer difor merksam på meldeplikta ved funn av skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne under arbeidet. Dersom ein finn slikt må arbeidet straks stoppast og muséet kontaktast.

Fiskeridirektoratet (17.03.2026)

Fiskeridirektoratet uttaler seg for å opplyse saka med informasjon om fiskeri- og akvakulturinteresser, inkludert marint miljø og biologisk mangfald som er viktig for næringane.

Fiskeridirektoratet syner til uttala si av 23.04.2025 til søknad om utfylling i sjø i området for skildring av fiskeri- og akvakulturinteressane i området.

Dei opplyser at det om lag 2 km aust for tiltaksområdet er registrert eit lokalt viktig gytefelt, som heng saman med eit regionalt viktig gytefelt. Kysttorsken i området vert opplyst å gyte frå omtrent slutten av januar til ut mai månad (mens tiltaket har planlagt oppstart i mai og avslutting i desember). Det er eit stykke frå tiltaksområdet til gytefeltet. Fiskeridirektoratet oppmodar om å, dersom det er mogleg, nytte avbøtande tiltak for å redusere støy som kan gjeve fysiske skadar eller stressreaksjonar hos marine dyr.

Då sedimenta i tiltaksområdet er forureina, oppmodar Fiskeridirektoratet om at arbeidet gjennomførast så skånsamt som mogleg, og at det gjerast avbøtande tiltak for å hindre oppvirvling, nedslamming og spreining av forureina sediment. Det er registrert marine naturtypar i området, og direktoratet ynskjer ikkje at tiltaket skal medføre vesentlege negative konsekvensar for funksjonen deira.

Fiskeridirektoratet oppmodar om at ein tek i vare inntaksvatnet til fiskeforedlings- og akvakulturverksemdar i området som har inntaksleidning for sjøvatn i sundet. Dei opplyser at det er to akvakulturlokalitetar i sjø i området: 10181 Oksebåsen V om lag 1,4 km i retning sørøst og 12298 Røysa om lag 2,4 km i retning nord. Fisken i merd kan ikkje flytte seg om den vert utsett for støy.



Direktoratet oppmodar tiltakshavar om å vise omsyn til dei to akvakulturlokalitetane og opprette dialog med innehavarane (sett på kopi i høyringsuttala).

Høyring av revidert søknad

Revidert søknad var på høyring til 17. april 2026. Kopi av revidert søknad vart send relevante høyringspartar og den reviderte søknaden vart kunngjort på Statsforvaltaren si nettside. Dei fylgjande uttalenene til revidert søknad vart send inn:

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum (09.04.2026): Sjøfartsmuseet sende inn uttale på nytt under revidert høyring. Det er den same vurderinga som i den førre uttala.

Fiskeridirektoratet (20.04.2026)

Fiskeridirektoratet syner til tidlegare uttaler til søknader om tiltak i sjø i området (utfylling i sjø 23.04.2025 og peling 17.03.2026).

Dei skriv at det vil kunne vere mellombelse effektar i områda ikring utfyllinga, spesielt i anleggsperioden gjennom utslepp av kjemikaliar, utslepp av tungmetallar og spreieing av finstoff. Det må utøvast aktsemd ved gjennomføring av tiltak i sjø over forureina sediment. Dei oppmodar om å gjennomføre arbeida så skånsamt som mogleg og sette i verk avbøtande tiltak for å hindre oppvirvling, nedslamming og spreieing av forureina sediment. Tiltaket må ikkje medføre vesentlege negative konsekvensar for funksjonen til dei marine naturtypane i området.

Statsforvaltarens vurderingar

Statsforvaltaren vurderer at tiltaket det søkjast om kan medføre forureining som kan gjeve «nemneverdig skade eller ulempe», jf. forureiningslova § 11, og at det er naudsynt med eit løyve. Vi har vurdert tiltaket etter naturmangfaldlova § 8-12 og bestemmingane i vassforskrifta.

Forureining og partiklar

WSP Norge skriv i rapporten sin (nr. 1010503-RIGm-001-2026204) at det er frå 0 til 15 meter djupt ved tiltaksområdet og at det er registrert store steinar og blokkar ved fyllingsfoten i tiltaksområdet, men at det er grus- og slamhaldig sand utanfor denne. Dei opplyser at det ikkje er utført straummålingar i området, men vurderer at det er svake straumar med alternerande retning.

WSP Norge utførte i februar 2025 ei miljøteknisk sedimentundersøking i området, med prøvetaking i fem stasjonar. Prøvemateriale frå dei fem stasjonane vart blanda til ein blandprøve som vart send til kjemisk analyse. I prøven vart det påvist fleire PAH-forbindingar i tilstandsklasse IV (dårleg tilstand), III (moderat tilstand) og II (god tilstand), jf. Miljødirektoratets klassifiseringsretteljar M-608. Nivåa av tungmetallar og botnstoffet TBT var på bakgrunnsnivå (tilstandsklasse I). Sjølv om det ikkje vart påvist TBT, vart det påvist låge nivå av nedbrytingsprodukta til dette stoffet.

På bakgrunn av funna kan sedimenta i området seiast å vere noko forureina, og dei planlagde tiltaka kan medføre risiko for spreieing av miljøgifter frå sjøbotnen. WSP Norge anbefalar at det gjerast avbøtande tiltak mot spreieing under arbeidet.

WSP Norge anbefalar at det nyttast partikkelsperre som siltgardin eller boblegardin for å redusere spreieinga av partiklar og miljøgifter. Dei anbefalar vidare at tiltaket overvakast med turbiditetsmålarar, og at målingane tek i vare maksgrensa for turbiditet ved den nærliggjande sjømatverksemde, som er på 4 FTU. Dei anbefalar òg at boring og peling utførast i tette røyr der det er etablert system for oppsamling av borekaks, slam og vatn, og vidare at vatn/boreslam reinsast før utslepp til sjø. Dei foreslår at det kontrollerast før støyande tiltak at det ikkje er grupper av dyr i



nærleiken, som fugleflokkar eller fiskestimer, og at det unngåast støyande tiltak i periodar på året som kan vere spesielt sårbare, som gytevandring, gytetid og hekkesetid. Dei oppfordrar til å unngå tiltak i sumarperioden av omsyn til friluftsliv og rekreasjon.

Statsforvaltaren vurderer at arbeidet bør utførast bak partikkelsperre som siltgardin, jf. vilkår 2.5 i løyvet, og at det må utførast overvaking med turbiditetsmålarar, jf. vilkår 3.1-3.4. Boreslam som takast opp må handsamast etter forureiningsnivå, jf. vilkår 2.4, og forureina massar må sendast til godkjend mottak.

Plast og avfall

Marin forsøpling er eit vesentleg problem langs norskekysten. Tiltaksarbeid som utførast i sjø kan føre til marin forsøpling ved til dømes spreiring av sprengtrådstar eller anna avfall frå massar som tilførast det marine miljøet.

I søknaden vart det oppgitt at entreprenøren vil få beskjed om å vise omsyn til miljøet og varsle om noko oppdagast eller inntreff undervegs, og at dette skal inn i entreprenørens plan for ytre miljø. I revidert søknad er det oppgitt at utfyllingsmassane vil vere reine sprengsteinmassar frå steinbrot, utan avfall.

I vilkår 2.6 i løyvet er det sett nokre krav til handsaming av plast- og avfallsproblematikk under tiltaket.

Naturmangfaldlova

Statsforvaltaren har vurdert tiltaket etter *Lov om naturens mangfold* (naturmangfaldlova) § 8-12. Som grunnlag for vurderingane våre har vi nytta informasjon frå søknaden og den vedlagte rapporten frå WSP Norge. Vi har òg nytta informasjon frå høyringsuttalene og databasane GisLink og Yggdrasil (Fiskeridirektoratets kartverktøy). Vi finn at den føreliggjande kunnskapen er tilstrekkeleg til å handsame søknaden, jf. § 8 i naturmangfaldlova, og ser ingen grunn til å leggje spesiell vekt på førevar-prinsippet i denne saka, jf. § 9.

I GisLink er det registrert tareskogførekomsstar frå Gjøsdneset og vidare nordover og i tillegg ved Oksneset på den andre sida av Gjøsdnet. Førekomsstane har ikkje direkte overlapp med tiltaksområdet, men ligg kort veg unna. WSP Norge vurderer, jf. rapporten vedlagt søknaden, at tiltaka i sjø kan påverke førekomsstane, og anbefaler avbøtande tiltak for å redusere partikkelspreiring under arbeidet. Partikkelsperre og turbiditetsovervaking skal ta i vare omsynet til desse naturverdiane, jf. tidlegare avsnitt.

Frå Gjøsdbrua og vidare nordvestover er det registrert ytterlegare tareførekomsstar i tillegg til blautbotnsområde, men desse naturverdiane har større avstand til tiltaksområdet.

WSP Norge peiker i sin rapport på at det er registrert fleire fugleartar som er trua etter Norsk raudliste i området, som ulike artar av måke, spove og and. Vi vurderer det ikkje som naudsynt med spesielle tiltak for å beskytte fugl under dette tiltaket.

På sørsida av Gjøsdnet er det registrert ein førekomsst av «boreal hei» på land, men denne ventast ikkje å påverkast av tiltaket.

Det er registrert svært viktige friluftslivsområde med strandsone, lek, rekreasjon og nærturterreng på sørsida av Gjøsdnet, nær tiltaksområdet. Ingen vesentleg påverknad på friluftsområda ventast.



I Fiskeridirektoratets kartverktøy er det registrert eit større gytefelt for torsk i Grytafjorden i retning søraust frå tiltaksområdet. Feltet har gytefeltverdi 4 og «middels egg» med noko retensjon. I gyte- og oppvekstperioden frå januar til juni er torsken spesielt sårbar for påverknadar som auka partikkelnivå i vatnet eller undersjøisk støy. Avstanden er om lag to kilometer frå tiltaksområdet, og difor ventast ingen nemneverdig påverknad frå tiltaket.

Fiskeplassar for aktive reiskapar er registrert om lag ein kilometer i retning aust og sør frå tiltaksområdet. I feltet i retning aust fangast det reker med rekestrål, mens det i feltet i sørleg retning fangast sild, sei og makrell med snurpenot/ringnot. Då avstandane til tiltaksområdet er vesentlege, ventar vi ingen nemneverdig påverknad.

Det er registrert låssettingsplassar i på sørsida av Gjørundet, berre om lag 250 meter frå tiltaksområdet. I databasen er det oppgitt at det fangast sild og makrell her, men òg at plassen reknast som mindre viktig. Tiltakshavar bør varsle og ha dialog med lokale fiskarar/fiskarlag for å unngå konflikt med fiskeriinteressene, jf. vilkår 2.7 i løyvet.

Det er registrert ein akvakulturlokalitet (40337 Gjørundneset) i Gjørundet, som driftast av Nordi Ocean AS og produserer makroalgar. Denne lokaliteten har kort avstand til tiltaksområdet. Nordi Ocean driv òg ein makroalgelokalitet nordvest for tiltaksområdet, 39017 Vikane, men denne har vesentleg større avstand (om lag 1,9 kilometer). Mowi Seawater Norway AS driv akvakulturlokalitetar for laksefisk ved 12298 Røysa og 10181 Oksebåsen V, som ligg om lag 2,5 kilometer nord for tiltaksområdet (Røysa) og om lag 1,5 kilometer søraust for tiltaksområdet. I sjølve Gjørundet er det fleire verksemdar som har vassinntak, som Scanprod AS. Partikkelsperre og turbiditetsovervaking skal beskytte vassinntak, jf. vilkår . Tiltakshavar må varsle og ha dialog etter behov med verksemdar i området om tiltaka som skal gjerast, jf. vilkår 2.7 og om eventuelle uønskte hendingar som kan medføre auka partikkelspreiing. Turbiditetsovervaking skal gjennomførast for å sikre at ikkje det vert uakseptabelt høge partikkelnivå i sjøvatnet nær verksemdenes vassinntak, jf. vilkår 3.1-3.4.

Etter § 10 i naturmangfaldlova skal ein påverknad på eit økosystem alltid vurderast ut i frå den samla belastninga som økosystemet vert utsett for. På bakgrunn av vilkåra i løyvet vil etter vårt syn dei aktuelle tiltaka ikkje medføre eit bidrag til den samla belastninga som er uakseptabelt stort samanheld med tiltakas samfunnsnytte. Tiltaka skal gjerast i eit område som allereie har vesentleg preg av menneskeleg aktivitet.

Etter § 11 i naturmangfaldlova skal tiltakshavar dekke kostnadane ved å hindre eller redusere eventuell skade på naturmangfaldet i tiltaksområdet dersom dette ikkje er urimeleg med utgangspunkt i tiltakets karakter og den eventuelle skaden. I denne saka finn Statsforvaltaren det rimeleg at tiltakshavar får gjennomført og dekke eventuelle kostnader av dei avbøtande tiltaka slik dei er skildra i løyvet. Dei avbøtande tiltaka er òg i tråd med § 12 i naturmangfaldlova, der det settast krav til bruk av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar for å unngå eller redusere skader på naturmangfaldet.

Vassdirektivet

Det aktuelle tiltaket skal utførast i vassførekomsten *Vigraffjorden*, med ID 0301022300-1-C. Vassførekomsten har oppgitt god økologisk og kjemisk tilstand i databasen Vann-nett. Som påverknadar på vassførekomsten er det lagt inn avrenning frå flytransport, punktutslepp frå søppelfyllingar, utslepp frå akvakultur og utslepp frå avlaupsanlegg.

Nye inngrep i ein vassførekomst kan, ifylgje *Forskrift om rammer for vannforvaltningen* (vassforskrifta) normalt ikkje tillatast dersom det er risiko for at tiltaket medfører ei degradering av



vassførekomstens status. På bakgrunn av vilkåra i løyvet og tiltakets omfang, vurderer vi det som lite sannsynleg at tiltaket vil medføre dette.

Reguleringsstatus

Giske kommune opplyser at tiltaket er i tråd med detaljplan for Gjøvsund næringsområde med tilhøyrande planomtale utarbeidd i tråd med plan- og bygningslova § 12-3, eigengodkjend 17.03.2016, kommunestyresak K-012/16.

Konklusjon

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal tillét tiltak i sjø ved Gjøvsundneset, gnr. 7 bnr. 175, i Giske kommune etter fastsette vilkår. På bakgrunn av vilkåra vurderer vi at tiltaket ikkje vil medføre spreiding av forureining eller anna miljøulempe som er uakseptabelt stor samanlikna med samfunnsnytta ved tiltaket.

Erstatningsansvar

Løyvet frittek ikkje for erstatningsansvar for forureiningskade etter forureiningslova § 10 og kapittel 8.

Vedtak om sakshandsamingsgebyr

Vi syner til vårt brev av 13.02.2026 med varsel om sakshandsamingsgebyr. Vidare syner vi til *Forskrift om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta) kapittel 39 om gebyr til statskassa for arbeid med løyve. På bakgrunn av vår tid- og ressursbruk knytt til sakshandsaminga, vert saka som varsla plassert under gebyrsats 6, som svarar til eit beløp på kr 47 300. Faktura vert sendt ut av Miljødirektoratet. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadatoen.

Gebyrvedtaket kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør grunnjevast, og skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Klaga vert ikkje gjeve oppsettande verknad, og det fastsette gebyret må difor betalast i samsvar med det som er nemnd over. Dersom Miljødirektoratet aksepterer klaga, vil det overskytande beløpet verte refundert.

Forureiningsforskrifta er tilgjengeleg på www.lovdatab.no.

Klagemoglegheiter

Vedtaket kan klagast på til Miljødirektoratet etter reglane i kapittel VI i forvaltingslova av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan tre veker frå avgjerda er motteke. Ei eventuell klage skal nemne kva det klagast over og den eller dei endringar som ynskjast. Klaga skal grunnjevast, og opplysningar som kan ha påverknad på saka bør nemnast. Klaga skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at iverksettinga av vedtaket vert utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eget initiativ bestemme at vedtaket ikkje skal settast i verk før klagefristen er ute eller klaga er avgjort, jf. § 42 i forvaltingslova. Avgjerda av spørsmålet om iverksetting kan ikkje klagast på.

Offentleggjing av løyvet

Vedtaket skal gjerast offentleg kjend, jf. § 36-11 i forureiningsforskrifta. Den som har fått løyve, skal så snart som mogleg kunngjere dette i dagspressa. Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyvet, kor ein kan få innsyn i saksdokumenta og opplysningar om klageinstans og frist for ei eventuell klage på vedtaket. Tiltakshavar kan gjerne nytte sin eigen logo i kunngjeringa, men



Statsforvaltaren sin logo skal ikkje nyttast. Kopi av kunngjeringa skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan ein månad etter at løyvet er gjeve. I tillegg til kunngjering i dagspressa, vil Statsforvaltaren kunngjere vedtaket på si eiga nettside, www.statsforvalteren.no/More-og-Romsdal, under «Høyringar».

Dette er vårt forslag til kunngjeringstekst:

Giske kommune får løyve etter forureiningsregelverket til utfylling og peling i sjø ved Gjøvsundneset, gnr. 7 bnr. 175, i tilknytning til etablering av ny kai. Vedtak med løyve og informasjon om klagemoglegheiter kan lesast på nettsida til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, www.statsforvalteren.no/More-og-Romsdal, under «Kunngjeringar».

Datoar og fristar

- Tiltakshavar skal kunngjere løyvet i dagspressa så snart som mogleg
- Det skal gjevast oppstartsmelding til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal når tiltaket settast i verk. Meldinga kan sendast til sakshandsamar på e-post thomas.aurdal@statsforvalteren.no.
- Løyvet er gjeldande til og med 31.12.2027
- Overvakingsprogram for turbiditetsmålingar skal sendast til Statsforvaltaren i god tid før arbeidet startast opp
- Utførte målingar av kjemisk tilstand i sedimenta (jf. miljøteknisk rapport frå WSP Norge AS vedlagt søknaden) skal registrerast i databasen *Vannmiljø* innan 30.06.2026
- Sluttrapport i tråd med vilkår i løyvet skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan seks veker etter at anleggsarbeidet er ferdig.

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)
underdirektør

Thomas Aurdal
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1

Løyve

Kopi til:

KYSTVERKET

STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM

FISKERIDIREKTORATET

Postboks 1502

Postboks 7800

Postboks 185 Sentrum

6025 ÅLESUND

5020 BERGEN

5804 BERGEN



Løyve for Giske kommune til tiltak i sjø ved Gjø sundneset

Løyvet er gitt i medhald av lov av 13.mars 1981 nr. 6 om vern mot forureiningar og om avfall § 11. Det er sett vilkår etter forureiningslova § 16. Løyvet kan ikkje nyttast før det òg føreligg naudsynte løyve eller avklaringar etter plan- og bygningslova, hamne- og farvasslova og kulturminnelova.

Verksemda må avklare skriftleg på førehand med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal eventuelle endringar den ønskjer å gjere i forhold til opplysningar i søknaden eller under saksbehandlinga som kan ha miljømessig påverknad.

Løyvet gjeld frå **dags dato** og er gyldig fram til **31.12.2027**.

Bedriftsdata og informasjon om tiltaksområde

Bedrift	Giske kommune
Lokalisering/gateadresse	-
Postadresse	Valderhaug 4, 6050 VALDERØYA
Org. nummer (bedrift)	964 980 721
Lokalitet for tiltaket	Gjø sundneset
Koordinatar for tiltaket (UTM 32)	X: 352484, Y: 6936255
Gards- og bruksnummer for tiltaket	Gnr. 7 bnr. 175
Kommune tiltaket utførast i	Giske

Statsforvaltarens referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Risikoklasse ¹
2026.0335.T	1532.0062.01	4
Løyve gitt:	Endringsnummer:	Sist endra:
22.04.2026	-	-
Arkiv: 2026/1375		

Christian Dahl (e.f.)
underdirektør

Thomas Aurdal
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

¹ Miljømyndighetene sitt system for berekning av hyppigheita på frekvensbasert tilsyn, der risikoklasse 1 er høgast og 4 er lågast.



Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Endring

1. Verkeområde for løyvet

Løyvet omfattar tiltak i sjø ved Gjørundneset i Giske kommune, gnr. 7 bnr. 175, med utfylling med om lag 15 000 m³ massar over eit areal på om lag 700 m² over sjø og om lag 4 400 m² inkludert fyllingsfot, i tillegg til plassering av pelar på sjøbotnen for bygging av kai, for ferdig kaiflate tilsvarande til saman 3 700 m² i tråd med gjeldande regulering. Løyvet omfattar òg eventuell naudsynt flytting av eksisterande plastringssteinar for å kunne få på plass pelane. Løyvet omfattar berre bruk av utfyllingsmassar som er reine og eigna til føremålet.

2. Tiltak i sjø

- 2.1 Det føresettast at tiltaket gjennomførast som angitt i søknaden innsend 12.02.2026 og revidert søknad av 26.03.2026 dersom ikkje anna går fram av løyvet, andre vedtak eller på annan måte er avklart med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.
- 2.2 Statsforvaltaren skal varslast når arbeidet startast.
- 2.3 Peling og eventuell flytting av plastringsstein skal utførast skånsamt for å redusere oppvirvling og spreining av partiklar og miljøgifter.
- 2.4 Boreslam som takast opp skal handsamast etter forureiningsgrad, og forureina massar må sendast til godkjend mottak.
- 2.5 For å redusere spreining av miljøgifter, slam og partiklar skal det etablerast ein avskjerande siltgardin, sjeté eller anna partikkelsperre i ytterkant av tiltaksområdet. Partikkelsperra skal plassert slik at den så effektivt som mogleg hindrar spreining ut frå anleggsområdet. Det må etablerast rutinar for å kontrollere at partikkelsperra er uskadd, ligg på plass og fungerer etter hensikta.
- 2.6 Det må utførast tiltak etter behov for å unngå spreining av plast og anna avfall frå tiltaket så mykje som mogleg. Eventuelt avfall frå tiltaket må samlast opp og leverast til godkjend mottak. Det tillatast ikkje å fyller ut med utfyllingsmassar med vesentleg innhald av sprengtrådrestar og anna avfall.
- 2.7 Tiltakshavar må varsle og søkje å ha dialog etter behov med lokale fiskarar/fiskarlag og verksemder i området som er sårbare for auka partikkelspreining (verksemder med vassinntak, oppdrettsmerdar eller liknande) for å unngå konflikt med fiskeri- og akvakulturinteresser. Sjå òg vilkår 3.1-3.4 om overvaking.
- 2.8 Støy frå utfyllingsarbeida og/eller anleggstrafikk skal ikkje overskride grensene i gjeldande regulering og grenseverdiane i rettleiaren "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging" (T-1442/2021).
- 2.9 Dersom det under arbeid i tiltaksområdet treffast på kulturminne under vatn som er verna etter kulturminnelova §§ 14 eller 4, skal arbeidet straks stansast, og Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum eller Møre og Romsdal fylkeskommune varslast omgåande, og avtale må føreliggje før arbeidet kan fortsettast.



3. Kontroll og overvaking

3.1 Det skal gjennomførast kontroll og overvaking av tiltaksarbeidet etter eit kontroll- og måleprogram. Kontroll- og måleprogrammet skal inngå i verksemdas internkontrollsystem. Programmet må vere i tråd med retningslinjene i Norsk Standard NS 9433:2017 *Turbiditetsovervåking av tiltak i vannforekomster*. Program for turbiditetsmåling med kart over planlagte målestasjoner med grunngjeving skal utarbeidast av eit uavhengig firma med miljøfagleg kompetanse og sendast til statsforvaltaren i god tid før arbeidet startar. Programmet skal vere tilstrekkeleg omfattande til å avdekke eventuell uakseptabel spreiring av forureining og partiklar i tilknytning til tiltaket, med spesielt fokus på å unngå uakseptabel turbiditet ved vassinntak/oppdrettsmerdar til verksemder i området og ved dei sårbare naturverdiane i nærleiken, som tareførekomstane.

3.2 Under anleggsperioden skal det kontinuerleg gjerast målingar av:

- Turbiditet i minst ein referansestasjon i området som ikkje er påverka av anleggsarbeidet.
- Turbiditet i eit tilstrekkeleg antall prøvestasjonar nedstraums som er påverka av anleggsarbeidet. Stasjonane skal, jf. NS 9433, «plasseres i den retningen fra tiltaket og i den dybden der man forventer at partikkelspredningen er størst, eller der de gir resultater som er relevante for beskyttelse mot den belastningen som økt turbiditet vil medføre.» Beskyttelse av verksemder med vassinntak i området mot uakseptabel turbiditet må vektleggast ved plasseringa av målestasjonane.

3.3 I overvaksingsprogrammet som skal sendast til Statsforvaltaren før arbeidet startar skal det foreslåast ein grenseverdi for turbiditet (oppgitt i NTU) og ein periode (oppgitt i minuttar) som grenseverdien kan overskridast før det utløyser vurdering av tiltak. Grenseverdi og periode må grunngjevast ut i frå omsynet til kjende naturverdiar og verksemder med vassinntak/oppdrettsmerdar i området. Ved overskridingar av grenseverdien utover denne perioden, skal det settast i verk tiltak for å avklare årsakssamanhengen. Dersom overskridinga skyldast interne tilhøve, skal arbeidet stansast med ein gong og naudsynte tiltak gjennomførast. Prosessen kan ikkje starte opp før turbiditeten er nede på stabile nivå under grenseverdien. Rutinar og eventuelle tiltak skal skildrast i internkontrollen. Det må òg etablerast rutinar for varsling av sårbare verksemder i området (vassinntak, merd, etc.) ved eventuelle hendingar.

3.4 Det skal førast logg over resultat frå overvakinga. Loggen skal som eit minimum òg innehalde eventuelle overskridingar og korrigerande tiltak. Loggen skal vere tilgjengeleg ved eventuelle tilsyn.

4. Rapportering

4.1 Det skal sendast ein sluttrapport til Statsforvaltaren innan 6 veker etter at anleggsarbeidet er avslutta. Rapporten skal innehalde:

- Ei kort skildring av tiltaket og utført arbeid
- Resultat frå turbiditetsmålingar og overvaking
- Eventuelle overskridingar, avvikande hendingar og korrigerande tiltak.

4.2 Utførte målingar av kjemisk tilstand i sedimenta (sjå rapport frå WSP Norge AS med dokumentkode 1010503-RIGm-001-20260204, datert 04.02.2026) skal registrerast i databasen **Vannmiljø innan 30.06.2026**. På nettsida til databasen finnast rettleiing og ei oversikt over kva parameter som skal registrerast.



5. Internkontroll, beredskap og varsling

- 5.1 Tiltakshavar skal med ein gong varsle Statsforvaltaren om alle unormale tilhøve som har, eller kan få innverknad på forureiningssituasjonen.
- 5.2 Tiltakshavar pliktar å ha eit oppdatert internkontrollsystem, jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta) av 6. desember 1996. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda overheld krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene.
- 5.3 Tiltakshavar pliktar å gjennomføre tiltak for å unngå, eventuelt redusere risikoen for akutte utslipp frå alle aktivitetar knytt til dette tiltaket. Slike tiltak skal vere basert på ein systematisk gjennomgang av alle element i tiltaksaktiviteten.
- 5.4 Den ansvarlege skal sørge for å ha den naudsynte beredskapen for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og redusere verknaden av akutt forureining for all verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskapen til den ansvarlege skal stå i eit rimeleg høve til sannsynet for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikten inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og redusere verknaden av ei eventuell forureining.
- 5.5 Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følgje av verksemda, skal den ansvarlege varsle i samhøve med *forskrift av 09.07.1992 om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining*. Melding om akutt forureining gjerast til brannvesenet, **telefon: 110**. Kystverket har vaktberedskap 24 timar i døgnet og får meldingar frå brannvesenet om akutt forureining.

6. Generelle vilkår

- 6.1 Forureiningsmyndigheitenes vilkår skal ikkje vere til hinder for at andre myndigheiter kan stille krav med heimel i anna lovgiving.
- 6.2 Tiltakshavar er ansvarleg for at vilkåra i løyvet vert overheld. Tiltakshavaren pliktar å orientere dei som skal gjennomføre tiltaka om dei vilkåra som gjeld, og om dei restriksjonane som er lagt på arbeidet.
- 6.3 Forureiningsmyndigheta, eller dei den gjev mynde til, skal til ei kvar tid ha tilgjenge til området for inspeksjon.
- 6.4 Statsforvaltaren kan oppheve eller endre vilkåra i løyvet, sette nye vilkår, og om naudsynt trekke løyvet attende, dersom føresetnadar gitt etter forureiningslova § 18 er til stades. Statsforvaltaren har på det same grunnlaget rett til, på eit kvart tidspunkt, å stanse arbeidet.
- 6.5 Dersom det viser seg at dei miljøbeskyttande tiltaka ikkje verker som føresett i vilkåra, kan den ansvarlege med ein gong verte pålagt å sette i verk ytterlegare tiltak.